



Kollektiv analyse av innvandringspolitikk: Feministiske forskningsmetodar i praksis

Collective analysis of immigration policy: Feminist research methods in practice

Helga Eggebø

Forskar 1, Nordlandsforskning

heg@nforsk.no

Anne Balke Staver

Forskar 2, NIBR, OsloMet – storbyuniversitetet

annebal@oslomet.no

Samandrag

I denne artikkelen tek me utgangspunkt i omgrepet «sakteforskning» og utforskar korleis ein kan jobba med kritisk tenking og kreativitet gjennom kollektive analyseprosessar. Caset er ein analyseworkshop me gjennomførte hausten 2022, inspirert av kollektiv kvalitativ analyse (KKA) (Eggebø 2020b) og kva er «problemet»?-tilnærminga (WPR) (Bacchi og Goodwin 2016). Her deltok ei forskargruppe på fem personar i arbeidet med å analysere politiske dokument om innvandringspolitikk. I artikkelen skildrar me korleis me gjekk fram, og drøftar våre erfaringar i lys av forskningslitteraturen om kollektive forskningsmetodar. Me erfarte at dei stegvise prosedyrane i KKA og WPR var nyttige for framdrift og integrering i prosjektet. Men den viktigaste fordelten med kollektive analysar er at det opnar opp eit kollektivt rom for kreativitet og kritisk tenking. KKA, WPR og god prosessleiing gjev tydelege rammer og skapar den tryggleiken som gjer gruppa i stand til å kanalisere kreativitet og fantasi inn i analyseprosessen. Samstundes vil me understreka at ein kan skapa gode gruppeprosessar med ulike føremål, framgangsmåtar og teoretiske tilnærmingar, og at utviklinga av kollektive arbeidsmåtar i akademia er ein praksis me vil oppfordra studentar og forskarar til å ta del i.

Nøkkelord

Kollektiv kvalitativ analyse, WPR, sakteforskning, feministiske metodar, innvandringspolitikk

Abstract

In this article, we take a cue from the concept of “slow research” to explore how to work with critical thinking and collective methods in our own research practice. Our case is a 2022 analysis workshop, inspired by Collective Qualitative Analysis (CQA) (Eggebø 2020a) and the “What is the problem represented to be?” approach (WPR) (Bacchi and Goodwin 2016). A five-person project team took part in the workshop and helped analyse immigration policy documents. We describe how we carried out the analysis and discuss the experience in light of lessons from the literature on collective qualitative methods. We conclude that, in our case, the combination of the procedures of CQA and WPR was a useful way to advance and integrate the project. But the most important benefit of collective approaches is that they can open space for creativity and critical thinking. The concreteness of the CQA and WPR approaches, coupled with good process management, can scaffold a safe space for imagination and creativity. At the same time, we argue that it is possible to create good group processes with different methodological and theoretical approaches, and that the development of collective ways of working in academia is an ongoing practice we encourage students and researchers to take part in.

Keywords

Collective qualitative analysis, WPR, slow scholarship, feminist methodologies, immigration regulations

Akademisk arbeid er ofte einsamt, og mange av oss opplever eit høgt arbeidspress (Horton 2020; Mountz 2016; Wendt mfl. 2021). Det er mykje snakk om produksjon, produksjon av studiepoeng, studentar og publikasjonar. Fleire kritiske røyster har problematisert den kapitalistiske produksjonslogikken som pregar academia, med utgangspunkt i feministisk og postkolonial teori (Kuokkanen 2008; Mountz mfl. 2015). Akademikarar med fotfeste i feministisk teori har introdusert omgrepet «sakteforsking» som motsats til produksjons-snakket (Hartman og Darab 2012; Mountz mfl. 2015). Ved første augekast var me ikkje så entusiastiske til dette omgrepet, fordi noko av det beste med jobben er fart, energi og skriveflyt. Men Alison Mountz mfl. (2015) argumenterer for at nettopp denne gleda ved jobben har dårlege kår under arbeidspress og konkurransekultur. Derfor oppfordrar dei oss til å skapa rom for kollektive arbeidsprosessar, kritisk tenking og omsorg for seg sjølv og andre. I denne artikkelen utforskar me korleis kollektivt og kritisk forskingsarbeid kan gjerast i praksis.

Det teoretiske utgangspunktet for artikkelen er kva er «problemet»?-tilnærminga¹ (What's the Problem Represented to be? approach, ofte kalla WPR) utvikla av Carol Lee Bacchi (1999, 2022, Bacchi og Goodwin 2016). Ho argumenterer for at denne tilnærminga er ein måte å tenkja kritisk på som bryt med dominerande tenkjemåtar i forskning, kvardagsliv og politikk. Me har nytta kva er «problemet»?-tilnærminga til analysar av historisk endring og politiske motsetningar på innvandringsfeltet (sjå til dømes Staver og Eggebø 2023). Tilnærminga til Bacchi har også blitt brukt til analysar av til dømes norsk integreringspolitikk (Busengdal, Amdam og Djuve 2020; Stein og Fedreheim 2022; Volckmar-Eeg og Vassenden 2022), klimapolitikk (Eggebø, Lundberg og Teigen 2022) og nordisk politikk retta mot urfolk og nasjonale minoritetar (Helakorpi, Lappalainen og Mietola 2020; Stoor, Eriksen og Silviken 2021).

Kva er «problemet»?-tilnærminga er både eit kritisk teoretisk prosjekt og ein konkret metode, men har – etter kva me kjenner til – ikkje vore prøvd ut i kollektive analyseprosessar. Me trur det ligg eit potensial for metodisk vidareutvikling her. I litteraturen blir kreativitet, perspektivmangfald, transparens og læring framheva som fordelar med kollektive analyseprosessar (Phoenix mfl. 2016). Ein felles analyseworkshop kan vera ein konkret måte å koma i gang med analysen på og opna opp for kreativitet i prosessen (Eggebø 2020b). I eit forskingsprosjekt om innvandringsregulering valde me derfor å starta analyseprosessens med ein slik workshop. I denne artikkelen skildrar me workshopen og analyserer denne analyseprosessens i lys av litteraturen om WPR og kollektive analysemetodar. På same vis som fleire andre artiklar om kollektive metodar (Hall mfl. 2005; Phoenix mfl. 2016; Schaefer, Bär og The Contributors of the Research Project ElFe 2019; Zhao mfl. 2022) er denne artikkelen basert på ein analyse av eigne erfaringar. Det empiriske datamaterialet er dokumentasjon av analyseprosessens i form av foto, notat, evalueringssamtalar og refleksjonar under og etter workshopen.

Føremålet med artikkelen er å bidra til kollektiv, kreativ og kritisk analysepraksis, og me spør: Kva kan ein få ut av å analysa politiske dokument med Bacchis teoretiske tilnærming og Eggebøs steg for steg-metode? Kva kan litteraturen om kollektive analysemetodar tilføra kva er «problemet»?-tilnærminga? Kva kan WPR-tilnærminga bidra med i arbeidet med å utvikla kollektive analysestrategiar og kritisk tenking? Først i artikkelen vil me gjera greie for WPR som teoretisk og metodologisk tilnærming og korleis me har nytta denne tilnærminga i analysar av innvandringsregulering. Deretter presenterer me nokre sentrale innsikter frå litteraturen om kollektive metodar. Vidare skildrar me datamaterialet som artikkelen er basert på, og korleis me har analysert analyseprosessens. Til slutt i artikkelen

drøftar me våre erfaringar og funn i lys av metodelitteraturen og argumenterer for at kollektivt orientert WPR-analyse kan bidra til konkretisering, kreativitet og kritisk tenking.

Kva er «problemet»?-tilnærminga

Bacchi har argumentert for at WPR er ein alternativ måte å tenkja på. Den dominerande tenkjemåten innanfor forskning og politikk er det ho kallar «problemløysingskunnskap» (Bacchi 2020). Innanfor dette paradigmet er eit «problem» noko som berre finst, og jobben er å finna «bevis» for kva som «fungerer» for å løysa det aktuelle «problemet». Evna til å tenkja kritisk blir gjerne forbunde med slik «problemløysing». Men Bacchi meiner at det å tenkja kritisk handlar om å stilla andre spørsmål (Bacchi 2020). Kva for framstillingar av «problemet» er det politiske «løysingar» byggjer på? Kor kjem desse førestillingane frå, og kor kan ein spora alternative skildringar (Bacchi og Goodwin 2016)?

Vår erfaring er at kva er «problemet»?-tilnærminga er eit fruktbart utgangspunkt for analysar av innvandringspolitikk. Dette feltet er prega av markant politisk usemje om «problem» og «løysingar». Dessutan er innvandringspolitikk også gjennomsyra av «problemløysingskunnskap». Både politikarar og mykje av forskinga legg til grunn at innvandring er eit «problem» (eller ei «utfordring») som må «løysast» gjennom regulering og integrering. Me er samde med Bacchi i at det er eit nyttig analytisk utgangspunkt å spørja kva for skildringar av «problemet» som ligg til grunn for ulike innvandringspolitiske «løysingar».

WPR byggjer på eit poststrukturalistisk teoretisk fundament (Bacchi 2020, 2021, 2022), og på dette grunnlaget har Bacchi utvikla ei konkret liste med spørsmål som gjev retning til analysearbeidet (Bacchi og Goodwin 2016, 48). Her er vår oppsummering på norsk:

1. Korleis blir «problemet» framstilt i dei dokumenta du analyserer?
2. Kva for meiningar og føresetnader er det som ligg til grunn for desse framstillingane av «problemet»?
3. Korleis har desse skildringane av «problemet» oppstått?
4. Kva er det som ikkje blir problematisert i tekstane? Kunne «problemet» blitt forstått på ein annan måte?
5. Kva for effektar har problemframstillingane (diskursive og materielle effektar, konsekvensar for folks liv og sjølvforståing)?
6. Kor og korleis har denne problemforståinga blitt skildra og forsvart? Er det nokon som har protestert mot denne eller framstilt «problemet» på andre måtar?
7. Still alle desse spørsmåla til dine egne forståingar av «problemet».

Ein startar med å finna «løysinga» som blir skildra i teksten, anten det er ei stortingsmelding, eit lovforslag eller ein kommunal handlingsplan. Deretter les ein teksten for å finna ut kva for framstillingar av «problemet» som ligg til grunn for «løysinga». Punkt 1 og 2 kan ein ofte lesa direkte eller indirekte ut av teksten. Men for å finna ut korleis dei aktuelle framstillingane av «problemet» har oppstått, og kva som ikkje blir problematisert, må ein leita andre stader, til dømes ved å gjera kvalitative intervju eller observasjon (Bacchi 2021, 10). Sjølv har me til dømes leita i gamle lovtekstar og representantforslag for å spora korleis problemforståingane har endra seg over tid, og analysert høyringssvar frå sivilsamfunnsorganisasjonar for å finna alternative framstillingar (Eggebo og Staver 2021; Staver og Eggebo 2023). Spørsmålet om kva som er taust i teksten, krev det fantasi og analytisk kreativitet å finna svar på. Som me kjem tilbake til seinare i teksten, vil me argumentera for at kollektive analyseprosessar bidrar til slik kreativitet.

Kollektiv kunnskapsproduksjon

Forskningspolitikken stiller i aukande grad krav om samarbeid mellom land, forskingsinstitusjonar og disiplinær og aktiv deltaking frå sivilsamfunn, offentlege myndigheiter og private verksemdar. Oppfordringa til samarbeid kjem ovanifrå i form av økonomiske insentiv og er ein del av produktivetslogikken i akademia på den måten at samarbeid er venta å auka effektiviteten og nytten av forskinga (sjå til dømes Noregs forskingsråd 2023). Som Cornish, Gillespie og Zittoun (2014, 1) har peika på, vil stadig fleire forskarar delta i ulike samarbeidskonstellasjonar, og derfor undersøker dei faglege fordelar med å analysere data i lag. I tråd med forskningspolitiske hypotesar argumenterer dei for at å inkludera folk utføre akademia i analyseprosessen kan bidra til meir nytteverdi (Cornish, Gillespie og Zittoun 2014, 6).

For Mountz mfl. (2015) er det kollektive og samarbeidsorienterte forskingsarbeidet ein opposisjonell strategi: Dei har arbeidd for å etablera gode og støttande arbeidskollektiv mellom kollegaar som ein protest mot individualisme, konkurranse og produktivetslogikkar. Dei har eit nedanfråperspektiv på samarbeid som er forankra i ein feministisk etikk, og let seg motivera av mellommenneskelege relasjonar heller enn av strukturelle føringar. Dette har dei til felles med nokre nyare bidrag i nordiske kjønnsforskningstidsskrift. Sonia Muñoz Llort mfl. (2021) og Knobbloch og Stubberud (2021) nyttar dialog, samtale og samskriving som ein strategi for å utfordra individualisme og etablerte kunnskapssyn i akademia. Med utgangspunkt i urfolksfeministiske perspektiv vil dei skapa rom for kollektive og relasjonelle kunnskapsformer (Knobbloch og Stubberud 2021; Llort mfl. 2021).

Vårt eige arbeid med kollektive metodar i akademia er inspirert både av den kritiske feministiske litteraturen og av ei meir pragmatisk interesse for å finna konkrete og nyttige arbeidsmåtar på tvers av institusjonar og disiplinær. Me har med oss ein veksande faglitteratur om fordelar og utfordringar med kollektiv analyse (sjå til dømes Bilda, Costello og Amitani 2006; Cornish, Gillespie og Zittoun 2014; Eggebø 2020b; Lordly mfl. 2012; Pardee mfl. 2017; Phoenix mfl. 2016; Richards, Andrew og Hemphill 2018) og har lete oss inspirera av annan faglitteratur om gruppeprosessar (Johnston 1998).

Jamfør Phoenix mfl. (2016) viser litteraturen til seks overlappende fordelar med kollektive analyseprosessar: 1) meir kreativitet i prosessen fordi gruppa har fleire perspektiv enn ein skilde forskarar, 2) meir transparens i analyseprosessen, 3) meir etterretteleg dataanalyse, 4) gruppeprosessar gjer datamaterialet «framand» også for dei som har samla det inn, 5) ein kan utvikla forskingskompetansen til alle deltakarar ved å læra av kvarandre, og 6) ein utvekslar kunnskap mellom individ og disiplinær. Gruppeanalyse kan også vera ein god måte å handtera kjensler av forvirring, usikkerheit og overvelden i møte med eit omfattande kvalitativt datamateriale på (Eggebø 2020b, 107; Tjora 2017, 251–252).

Eggebø (2020b, 120) har framheva at den viktigaste fordelan med kollektiv kvalitativ analyse, er at det skapar rom for ein «kreativ analytisk prosess der me kan læra, korrigerer og vidareutvikla den analytiske haldninga i dialog med andre». Allison James (2012) er også oppteken av analyse som ein kreativ prosess. Analyse kan ikkje reduserast til prosedyrar og teknikkar, sjølv om det også kan vera ein nyttig og naudsynt del av prosessen. James viser til «den sosiologiske fantasien» som C.W. Mills (1967) har skildra i ein klassisk tekst, og argumenterer for at gruppeprosessar legg til rette for den fantasien og kreativiteten som er så viktig i analysearbeidet (James 2012).

Sjølv om det ser ut til å vera brei semje om at kollektive analyseprosessar kan by på fordelar som perspektivmangfald, kreativitet og transparens, er det ikkje nødvendigvis ein lett vint veg til betre forskning. Det kan oppstå samarbeidsproblem, arbeidet kan vera tidkrevjande, og makthierarki kan setja sitt preg på gruppeprosessen (for ein diskusjon, sjå Bilda, Costello og Amitani 2006, 228; Cornish, Gillespie og Zittoun 2014, 10–12; Potter

1998). Dersom ei gruppe har vanskeleg for å få samarbeidet til å fungera, vil ein neppe oppnå dei fordelane som kollektiv analyse kan ha (Phoenix mfl. 2016). Som Chris Johnston har peika på i ei fagbok om drama, kan ei splitta gruppe ta med seg konfliktane inn i arbeidsprosessen, og då vil problema internt i gruppa ta alt fokus (1998, 32).

Spørsmålet om korleis ein kan leggja til rette for at gruppeprosessen faktisk blir eit ope kreativt rom, er derfor sentralt. Med ståstad i dramafaget har Johnston (1998) fleire lærdommar å koma med. For at gruppa skal fungera, er det viktig med trygghet og tillit. Prosessleiaren har ansvar for å etablera køyrereglar, disponera tida og sørgja føre at ein oppnår målsetningane med prosessen. Klåre rammer og instruksar står ikkje i motsetnad til spontanitet og fridom; vaksne treng struktur for å kanalisera kreativitet. Me kjenner oss tryggare og friare når me veit kor grensene går; då kan folk fritt koma med idear utan å sensurera seg sjølv, og motsetnader bli produktive (Johnston 1998, 25–35). Kollektiv kvalitativ analyse (Eggebø 2020b) er ein trinnvis metode for gruppeanalyse som – i kombinasjon med dei sju stega i WPR-tilnærminga – kan bidra med dei rammene og reglane som er naudsynte for å skapa eit trygt rom for kreativ analyse.

Datamateriale: Innvandringspolitiske dokument og prosesserfaring

I forskingsprosjektet me skriv om her, undersøker me korleis pengar blir brukt som verkemiddel i innvandringspolitikken.² Prosjektet er organisert i tre arbeidspakkar: 1) analyse av politiske dokument, 2) analyse av registerdata og 3) analyse av kvalitative intervju med folk som har migrert til Noreg. Heilt frå søknadstidspunktet har me planlagt å nytta og vidareutvikla kollektiv kvalitativ analyse som metode. Dessutan har me hatt ein ambisjon om å skapa eit ikkje-hierarkisk og støttande forskarfellesskap. Kollektiv kvalitativ analyse av data i arbeidspakke 1 og 3 var etter planen ein konkret måte å integrera arbeidet på tvers av institusjonar, arbeidspakkar, datasett og akademiske stillingskategoriar på.

Me som skulle delta i arbeidspakke 1 og analysera politiske dokument, har nytta kva er «problemet»?-tilnærminga i vårt tidlegare arbeid med innvandringspolitikk (Eggebø 2010; Eggebø og Staver 2021; Staver og Eggebø 2023). Fleire av deltakarane i forskingsprosjektet hadde dessutan jobba med kollektiv kvalitativ analyse i andre prosjekt. I arbeidspakke 1 analyserer me altså politiske dokument, nærare bestemt Noregs offentlege utgreiingar (NOU-ar), proposisjonar, høyringsnotat, høyringssvar og komitéinnstillingar. Å samanlikna over tid er eit viktig analytisk grep i WPR-tilnærminga, og derfor har me teke føre oss heile saksgangen frå NOU til vedtak når det gjeld a) utlendingslova av 1988, b) utlendingslova av 2008 og c) politikkendringar etter «Asylforliket» (2015). Denne tverrpolitiske avtalen førte til endringar i utlendingslova, trygdellovgjevinga, statsborgarlova og integreringslova. Derfor inkluderte med også desse lovendringsprosessane i datamaterialet. For at dei andre forskarane i prosjektet skulle kunna delta i analysen av dei politiske dokumenta, skreiv me samandrag av prosessane (sjå meir om dette i avsnittet om datareduksjon og i vedlegget til artikkelen).

I arbeidet med å skriva denne teksten, som fokuserer på den kollektive analyseprosessen, har me nytta fleire typar data. For det første tok me bilete og gjorde detaljerte notat under workshopen, og desse dokumenterer korleis me jobba, kva me diskuterte, kva me kom fram til, og kva tankar me gjorde oss undervegs. For det andre har me analysert våre eigne erfaringar og refleksjonar kring prosessen. Til dømes hadde me førebudd ein evaluering- og refleksjonsprosess på slutten av workshopen, nettopp for å generera data om prosessen. Sett i ettertid ville det vore ein fordel om me hadde gjort video- og/eller lydopptak frå workshopen for å ha eit betre datagrunnlag.

I løpet av skriveprosessen har me hatt jamlege analysesamtalar forfattarane imellom og med resten av forskargruppa om vår oppleving og våre tolkingar av prosessen. Noko av det mest interessante i desse samtalanene har vore å reflektera over det som ikkje fungerte heilt optimalt under workshopen. Det er fort gjort å ta for gjeve det som fungerer og går av seg sjølv, men rusk i maskineriet gjorde det tydeleg kva som er føresetnadene for at ein gruppeprosess fungerer, og korleis me kan gjera ting betre ved neste høve. På denne måten var det hell i uhell at førsteforfattar måtte delta på workshopen digitalt i staden for å vera prosessleiar; gjennom skjermen fekk ho eit delvis utanforblikk på gruppeprosessen som har vore nyttig for analysane i denne artikkelen.

Kva har me gjort og lært?

Kollektiv kvalitativ analyse er ein metode for å koma i gang med analysen i fellesskap. Hovudelementet er ein workshop der gruppa gjennomfører fire trinn: a) felles gjennomgang av datamaterialet, b) temakartlegging, c) temagrupping og d) disposisjon og arbeidsplan (Eggebø 2020b). På vår workshop følgde me dei same trinna, men tilpassa prosessen til empiri, teoretiske perspektiv og praktiske omstende. Me har dessutan vald å bruka litt andre namn og nummer på stega i prosessen for å presisera kva som er føremåla og arbeidsoppgåvene under dei ulike trinna. I den følgjande teksten skildrar me kva me har gjort og lært, strukturert etter følgjande fem trinn: 1) datareduksjon, 2) felles gjennomgang av datamaterialet, 3) idemyldring, 4) temagrupping og 5) artikkelidear.

Datareduksjon

Det første trinnet i analyseprosessen var å redusera det omfattande datamaterialet for at det skulle vera handterbart i dei vidare stega i analyseprosessen (Skilbrei 2019). Først gjorde Åsne Øygard Danielsen ein omfattande jobb med å søkja opp og merka dei delane av data som handla om pengar og permanent opphald, som er det tematiske fokuset i prosjektet. Ettersom me har lang erfaring med å analysera innvandringspolitikk, hadde me god oversikt over kva for omgrep det var relevant å koda etter.³ Basert på resultatet av denne første runden med datareduksjon skreiv me samandrag⁴ av alle dei aktuelle lovprosessane med utgangspunkt i følgjande tre spørsmål inspirert av kva er «problemet»?-tilnærminga:

1. Kva er dei viktigaste politiske endringane – det vil seia «løysingane» – som blir skildra?
2. Kva er dei underliggjande «problema» som endringsforslaga er meint å løysa?
3. Kva for alternative framstillingar av «problemet» er å finna i høyringssvara?

I tillegg inkluderte me ei kort skildring av den politiske prosessen og gjerne eit illustrerande sitat. Samandraga var frå to avsnitt til tre sider lange, alt etter kor omfattande forslag det var snakk om. Her er eit døme som handlar om lovforslaget om å auka butidskravet for permanent opphald frå tre til fem år:⁵

Bakgrunnen for forslaget er Sundvollenerklæringa (2013) og avtale mellom regjeringspartiene (2014) hvor det ble inngått enighet om å heve botidskravet. I mars 2016 sendte departementet på høring et forslag om å heve botidskravet for permanent opphold fra 3 til 5 år. Dette var tidligere diskutert i NOU 2004: 20 Ny utlendingslov, men ble ikke vedtatt den gangen. Lovforslag om hevet botidskrav ble fremmet i Prop. L. 90. Forslaget ble imidlertid nedstemt under Stortingets behandling av «Innstramninger II» i 2016. I forbindelse med budsjettforhandlingen i desember 2020 ble det vedtatt å heve botidskravet til 5 år for flyktninger og familiegjenforente med disse, og dette er gjeldende rett.

Departementets problemforståelse er at 3 år ikke er nok tilknytning til riket til at man bør få permanent opphold, og at dagens regelverk ikke gir tilstrekkelig rom for å kontrollere juks og regulere innvandringen:

«Det vises til at tre års opphold i Norge gir en begrenset tilknytning til riket, og at det derfor er mindre grunn til å gi fortsatt opphold dersom det opprinnelige grunnlaget for at det blir gitt oppholdstillatelse i Norge, har bortfalt. Et skjerpet botidskrav styrker myndighetenes mulighet til kontroll med at utlendingen ikke har fått opphold i Norge på et fiktivt grunnlag, for eksempel et proformaekteskap. Forslaget innebærer en begrensning i antallet utlendinger som kan bli boende i riket etter at den opprinnelige årsaken til at utlendingen innvandret til Norge, ikke lenger gjør seg gjeldende. Forslaget bidrar dermed til en regulert og kontrollert innvandring i samsvar med hensynene bak de enkelte bestemmelsene om oppholdsgrunnlag i utlendingsloven og -forskriften».

Departementet legger til grunn at det vil være «inngripende» for den individuelle utlendingen. (...) Men hensynet er ikke tungtveiende nok. Videre legger departementet til grunn at hevet botid kan være et problem for kvinner som opplever mishandling i parforholdet, og som vil kunne føle seg tvunget til å bli i parforholdet av frykt for å miste oppholdstillatelsen. Her viser departementet til den eksisterende mishandlingsbestemmelsen og ber dessuten høringsinstansene komme med forslag til «avbøtende tiltak».

I tillegg til økt botid diskuteres en rekke andre justeringer, for eksempel i samfunnsfagsopplæringen, (...) beregning av tilleggstid og følgeendringer i statsborgerskapsloven.

Flere av høringsinstansene mener forslaget er problematisk fordi det vil gjøre kvinnelige familieinnvandrere avhengige av ektefellen i enda lengre tid, og at det er særlig problematisk for kvinner som blir utsatt for mishandling i parforholdet. Det blir vist til at praktiseringen av mishandlingsbestemmelsen ikke løser problemet. Mange av høringsinstansene er derfor mot forslaget, men flere kommer likevel med forslag til avbøtende tiltak.

Resultatet av datareduksjonsprosessen var eit dokument på 23 sider (sjå vedlegg), og me sendte alle samandraga til heile forskargruppa i forkant av workshopen. Både i denne analyseprosessen og tidlegare har me erfart at slik datareduksjon er nyttig. For det første er det ei konkret og handterbar oppgåve i ein analyseprosess som kan verka mystisk og vanskeleg å overskoda (Silverman 2014, 110). For det andre sikrar det at analyseprosessen startar tett på empirien. For det tredje gjer det datamaterialet tilgjengeleg for andre, og dermed får ein fleire blikk på datamaterialet utan at alle må gjera den tidkrevjande jobben det er å lesa alt. Phoenix mfl. (2016) nyttar omgrepet «primæranalytikarar» om dei i gruppa som har samla inn datamaterialet, og «sekundæranalytikarar» om dei som ikkje tidlegare har jobba med data.

Samandraga våre var teoretisk strukturert etter WPR-tilnærminga, i motsetnad til dei induktivt orienterte samandraga som Eggebø (2020b) har skildra i kollektiv kvalitativ analyse av djupneintervju. I etterkant av workshopen diskuterte forskargruppa om og eventuelt kva dette hadde tilført analyseprosessen. Ein av deltakarane kommenterte:

Under den første runden med datareduksjon som Anne og Helga gjorde, brukte de WPR. Det er en spisset/teoretisk fundert måte å gå inn i datamaterialet på. Det fungerte fint, men et dilemma kan være at empirien vi tar utgangspunkt i, i stor grad har blitt fortolket – det er en noe mindre induktiv prosess. (Liodden, evalueringsnotat)

Samandraga er ei fortolking av data med fokus på dei problemrepresentasjonane me meinte me hadde funne i datamaterialet. Som det går fram av sitatet, kan dette gjera prosessen mindre induktiv, men samstundes kan ein innvenda at datareduksjon alltid inneheld implisitte tolkingar. Fordelen med ei teoretisk orientert datareduksjon er at det er tydeleg kva for analytiske val som er gjort, og det kan gjera prosessen meir transparent og etterretteleg (Phoenix mfl. 2016, 3).

Felles gjennomgang av datamaterialet

Det første som skjedde med workshopen, var at ting ikkje gjekk som planlagt: Éin person måtte melda avbod, éin måtte følgja workshopen digitalt, og éin deltakar måtte trø til som prosessleiar på kort varsel. Me valde likevel å gjennomføra workshopen og starta prosessen med felles gjennomgang av datamaterialet. Det gjekk ut på at primæranalytikarane presenterte samandraga av datamaterialet for resten av gruppa. Dei andre deltakarane veksla på å skriva stikkord undervegs og hang notatarka fortløpande opp på veggen (om lag eit ark per samandrag). Etter kvart samandrag opna me opp for nokre oppklaringar og spørsmål knytt til lovforslaga og problemrepresentasjonane. Eggebø (2020b) har meint at ein bør vera nøye med å ikkje opna opp for diskusjon under gjennomgangen av datamaterialet. Men ettersom lovforslaga i datamaterialet var kompliserte å forstå, valde me å gje rom til spørsmål, klargjering og nokre kommentarar til framstillingane undervegs i gjennomgangen.

Me brukte om lag fem timar på å gå gjennom datamaterialet i fellesskap. Det var krevjande, men ikkje så ille som me hadde sett føre oss. Det at alle var aktive i prosessen med å notera stikkord, gjorde det også lettare å konsentrera seg. Gjennomgangen var ein føresetnad for at alle skulle kunna ta del i analysen. Dessutan var det viktig læring om lovar og reglar for dei av oss som seinare skulle analysera kvalitative intervju og tolka registerdata. Motivasjonen til å lytta konsentrert var derfor på topp i gruppa. I tillegg fungerte gjennomgangen av datamaterialet som ei innføring i kva er «problemet»?-tilnærminga ettersom samandraga viser kva ein får fram ved å stilla denne type spørsmål til datamaterialet. Sist, men ikkje minst, fungerte gjennomgangen av datamaterialet inkluderande i gruppeprosessen. Å lytta og ta notat frå prosessane var noko alle kunne gjera, både dei av oss som hadde jobba med data og den teoretiske tilnærminga før, og dei som ikkje hadde det. Då me hadde gått gjennom alt, hadde også sekundæranalytikarane ei kjensle av eigarskap til data.

Idemyldring

Under idemyldringsfasen⁶ er føremålet å skapa eit trygt rom for å tenkja høgt i lag utan å vera sjølvkritisk. Det skal vera låg terskel for å seia det ein har på hjartet, og ingenting treng å vera genialt eller ferdigtenkt. Som ein av deltakarane på workshopen peika på, er dette ein viktig og gjevande del av prosessen:

Jeg synes det morsomste med prosessen er den første idemyldringen om hvilke hovedtemaer vi har kommet fram til, hvor vi spiller ball med hverandre og en tanke tar en annen. Her synes jeg det er veldig viktig at vi er ukritiske, og at alt som faller oss inn, blir sagt høyt, uten noe særlig filter eller tanker om hva som er relevant eller ikke relevant. (Liodden, evalueringsnotat)

Som det går fram av sitatet over, kan det å spela ball med kvarandre vera ein metafor for idemyldringsprosessen. «Lytt til dei andre, aksepter det dei har å seia, som eit bidrag til prosessen og utvikla tenkinga vidare» kan vera ein nyttig instruks. Prosessleiaren har ansvar for å sørgja føre at ingen avviser eller kritiserer det dei andre seier i denne delen av prosessen, fordi det kan avgrensa det kreative rommet og føra til at andre gruppemedlemmar

sensurerer seg sjølv (Johnston 1998). Det er også prosessleiaren sitt ansvar å sørge for framdrift i prosessen. Som ein av deltakarane formulerte det: «Ikke gå i for detalj for tidlig / kritisk i idefase – fare (da blir man stuck)» (Hernes, evalueringsnotat).

Under vår workshop gjekk tre deltakarar i gang med idemyldringa rett etter datagjennomgangen, medan primæranalytikarane av ulike grunnar måtte kasta inn handkleet for dagen. Det var viktig at idemyldringa starta rett etter gjennomgang av data, medan alt var friskt i minnet. I etterkant har me tenkt at det også kan ha hatt ein verdi at sekundæranalytikarane starta idemyldringa: Dei hadde eit «framand» blick på eit datamateriale som var nytt for dei, og dette kan tilføra eit nytt refleksivt lag til analysen (James 2012, 565; Phoenix mfl. 2016).

Dagen etter heldt gruppa fram med idemyldringa i fellesskap ved å skriva stikkord på gule lappar og henga dei opp på veggen. Her er døme på dei stikkorda som me skreiv ned: «[Inntektskrav for permanent opphald] – fungerer det som insentiv/motivasjon [til arbeidsmarkedsdeltaking]?», «hva er tilstrekkelig tilknytning til riket?», «sosialpolitikk versus innvandringspolitikk», «gjøre seg fortjent», «samspill/spillover», «migrasjonskontroll/integreringspolitikk», «for mange som får unntak» og «proformaekteskap». Under idemyldringa ønskte me alle tankar og idear velkomne og avgrensa oss ikkje til dei analytiske spørsmåla i kva er «problemet»?-tilnærminga. Prosessen kan likevel knytast til WPR: Som Bacchi (2023) har skrivt, er det lurt å skaffa seg eit overblikk over kva for emne (topics) empirien handlar om, særleg i eit stort datamateriale der det potensielt er mange ulike problemframstillingar og løysingar.

Ettersom prosessleiaren måtte trø til på kort varsel og hadde hatt avgrensa moglegheiter til å førebu denne oppgåva, vart rammene for prosessen litt uklære. Slik Johnston (1998) har peika på, har dette ein tendens til å skapa utrygghet i rommet. Ein av deltakarane reagerte på dette med å ta over leiinga og kontrollen, og andre peika på at det hadde vore uklårt kva som var oppgåva og føremålet med dei aktuelle stega i prosessen. Nettopp det at prosessleiinga ikkje fungerte heilt optimalt under denne workshopen, gjorde det klart for oss kor viktig det er med tydelege rammer for å skapa tryggleik og kanalisera kreativitet (Johnston 1998).

Temagrupping

Som ein av deltakarane peika på, er det ikkje alltid klare grenser mellom idemyldring og analytisk sortering av stikkord, tema og idear. Derfor er det viktig at prosessleiar gjer deltakarane merksame på at spelereglane for temagruppinga er annleis enn for idemyldringa: Her er føremålet å setja ord på eventuell usemje og stilla spørsmål om våre egne og andre sine tolkingar. Me starta med å flytta dei gule lappane på veggen; me laga grupper av stikkord og tema og diskuterte tilhøva mellom dei. Gjennom det fysiske arbeidet med å flytta lappar sette gruppedeltakarane ord på korleis dei tenkte kring analytiske samanhengar. I arbeidet med å sortera lappane trekte me også inn analytiske omgrep og innsikter frå tidlegare forskning.

Som fleire har peika på, er tolking av kvalitative data ein kreativ prosess (James 2012; Mills 1967), og gruppearbeid kan opna opp det kreative rommet (Eggebo 2020b; Phoenix mfl. 2016). Fantasi og kreativitet gjev oss moglegheit til å sjå samanhengar som ikkje kan lesast ut av data, og som først kanskje tek form av ein tentativ ide eller eit spørsmål å undersøka nærare (James 2012, 568–569). Eit døme frå vår analyseprosess var post-it-lappen «sosialpolitikk versus innvandringspolitikk». I løpet av datagjennomgangen hadde me notert oss nokre felles problemframstillingar i trygdepolitikken og i innvandringspolitikken. Begge stader vart asylsøklarar framstilt som eit «problem» fordi dei ville bidra til høgare utgifter for offentlege velferdsordningar. Interessant nok var også «løysinga» felles i begge lovprosessane, nemleg å heva krava til butid i Noreg før ein kan få tilgang til nokre trygderettar

og permanent opphaldsløyve. I dei politiske dokumenta stod det lite om kvifor «tilknytning til Noreg» i begge lovproposisjonar no skulle krevja fem i staden for tre års butid, og korleis desse butidskrava samverka. Desse parallellane hadde me ikkje sett tidlegare, men under gruppearbeidet vart nye koplingar synlege for oss fordi me samanlikna over tid og på tvers av politikkområde og jobba kollektivt. I fellesskap oppdaga me det Bacchi (2022) ber oss undersøkje i steg fire, nemleg stille og blindsoner i datamaterialet.

Gruppeprosessen var nyttig for å koma i gang med den kritiske sjølvrefleksjonen som er ein del av WPR-tilnærminga (steg 7): Ein av deltakarane på workshopen tok spontant rolla som «djevelens advokat», det vil seia den som stilte spørsmål om våre eigne problemforståingar. Ho peika til dømes på at inntektskrav for familieinnvandring og permanent opphald kan tenkjast å fungera som insentiv for integrering, i alle fall for nokre grupper. Utan at nokon sa det rett ut, verka gruppa å ha ei oppfatning om at inntektskrava gjorde livet vanskelegare for folk og ikkje ville få fleire i arbeid. I tråd med WPR-tilnærminga stilte ho spørsmål om gruppa sine problemforståingar og underliggjande synsmåtar. I ettertid har me tenkt at me kunne ha jobba endå meir systematisk og eksplisitt med dei sju stega i WPR-tilnærminga som ein del av temagruppinga. Kanskje ville tydelege instruksar og rammer på dette punktet fremja kreativiteten og den kritiske tenkinga i analyseprosessen.

Artikkelidear

Det fjerde og siste trinnet i kollektiv kvalitativ analyse er å laga ein disposisjon og arbeidsplan. Eggebø (2020b) har skildra ein prosess der dei laga ein detaljert disposisjon for ein norsk forskingsrapport. I vårt prosjekt skulle me derimot skriva vitskapelege artiklar, og me har erfart at det er vanskeleg å laga konkrete disposisjonar til slike publikasjonar såpass tidleg i analysefasen. Me jobba derfor med å utvikla idear til vitskapelege artiklar og kom fram til seks slike. Nokre av desse ideane hadde me så vidt diskutert tidlegare, men nokre var nye idear som dukka opp i gruppeprosessen. Me erfarte at idear bobla opp frå ingen stad. «Ingen kunne seia at det var min ide eller hennar ide. Den kom frå ingen eller alle» (Johnston 1998, 40, vår omsetjing). Her er dei seks artikkelideane me kom fram til:

1. den nordiske modellen og spenningen mellom økonomisk bærekraft og normativt grunnlag
2. utvikling i forståelser av «likebehandling» over tid
3. administrative mekanismer for politikkendring
4. Hva er permanent opphold, og hvordan har forståelsen av hva slags «problemer» disse reglene skal løse, endret seg over tid?
5. sammenligning av problemforståelser på trygde- og innvandringsfeltet i endringsprosesser etter 2015
6. «sårbare kvinner», likestillingspolitikk og innvandring

Då me hadde sett ord på artikkelideane, plasserte me alle dei gule lappane frå idemyldringsfasen på veggen under den ideen der me meinte dei høyrde heime. I tillegg samla me alle lappane som handla om reglane og dei politiske prosessane, fordi dette er viktig bakgrunnsinformasjon i alle artiklar frå prosjektet. Til slutt samla me dei lappane som ikkje passa nokon stad, i ein restkategori. På denne måten fekk me oversikt over idear me skulle arbeida vidare med, og det me ikkje ville prioritera å skriva om. Som James (2012) har peika på, vil alle analysar nødvendigvis vera avgrensa og delvise fordi ein alltid løftar fram delar av data og veljar vekk andre delar. I det siste steget av analyseprosessen gjorde me nokre av desse vala synlege.

Diskusjon

Kollektiv analyse har vore nyttig i forskingsprosjektet på fleire måtar: For det første var KKA ein konkret måte å planleggja og koma i gang med analysearbeidet på. Både kollektiv kvalitativ analyse og kva er «problemet»?-tilnærminga inneheld konkrete steg å jobba etter: I førstnemnte tilnærming er skriving av samandrag det første ein gjer, og med nøkkel-spørsmål frå WPR-tilnærminga som rettesnor fekk den oppgåva ei endå tydelegare retning. David Silverman (2014) har samanlikna kvalitativ analyse med å vera i ukjent terreng utan eit kart å orientera seg etter, og for å byggja vidare på den metaforen vil me argumentera for at kombinasjonen av KKA og WPR er eit kart. Dessutan har workshopen vore viktig for læring og integrering på tvers av arbeidspakkane. Heile forskargruppa har teke del i analysen av politiske dokument, og seinare i prosjektperioden organiserte me ein tilsvarande workshop der me jobba med kvalitative intervju. På denne måten har alle fått eigarskap til datamaterialet, både det ein sjølv har samla inn, og det som andre har ansvaret for. Dette gjev eit godt grunnlag for å skriva artiklar saman. På workshopen tok alle sin plass i gruppearbeidet, både dei av oss som var i stilling som mellombels tilsett vitskapeleg assistent, og dei av oss som var tilsett i fast forskarstilling. Det betyr ikkje at hierarkia blir borte, men vår konkrete erfaring var at denne måten å jobba på fungerte inkluderande og demokratiserande. Under måltida og pausane har me dessutan hatt det kjekt i lag med god mat og med vin. Det relasjonelle arbeidet med å bli betre kjend på tvers av arbeids- og bustader er også ein viktig del av lagarbeidet.

Den viktigaste fordelten med kollektive analyseprosessar er, slik me ser det, at det kan opna opp eit kreativt rom der gruppa har tilgang til fleire perspektiv og meir analytisk fantasi enn dersom ein jobbar åleine. Innanfor kunstfaga er det meir sjølvsagt at kreativitet er ein essensiell del av arbeidsprosessen, men det er også fleire samfunnsforskarar som har understreka at kreativitet er sentralt i kvalitativ analyse (James 2012). I litteraturen om kollektiv analyse blir nettopp meir kreativitet framheva som ein av fleire fordelar med å jobba i grupper (Hall mfl. 2005; Phoenix mfl. 2016). Me vil argumentera for at det kreative aspektet ved analyse – som C.W. Mills (1967) har kalla den sosiologiske fantasien – er det viktigaste kollektiv kvalitativ analyse kan bidra med i analysearbeid generelt og til kva er «problemet»?-tilnærminga spesielt. Gruppearbeid er sjølvsagt inga garanti for kreative og originale analysar, men dersom ein får til gode gruppeprosessar, kan idear – som Johnston (1998) peikar på – dukka opp frå «ingen stader», og motsetnader i gruppa kan driva prosessen framover. Som ein av deltakarane i workshopen peika på, kan ein god idemyldringsprosess bli som å spela ball med kvarandre. I fellesskap er det lettare å sjå blindsoner i datamateriale og i eigne forståingar, jamfør steg fire og sju i WPR-tilnærminga. Som Geraldine Pratt (2010, 46) har peika på, er kollektiv analyse særleg eigna til å fremja refleksjon kring korleis vår eigen kunnskap er avgrensa og situert.

I løpet av workshopen erfarte me at det er viktig med trygg prosessleiing og med tydelege instruksar om føremål, oppgåver og reglar. Tydelege rammer skapar tryggleik i gruppa og fremjar fridom og kreativitet (Johnston 1998). Dette vart tydeleg for oss nettopp fordi prosessleiing var eit punkt som ikkje fungerte heilt optimalt under den aktuelle workshopen. Ein annan ting ved prosessen me kunne gjort annleis, var å jobba endå meir systematisk med dei sju analytiske stega i kva er «problemet»?-tilnærminga, særleg under temagrupperinga. Sjølv om datareduksjonsprosessen var strukturert av WPR-spørsmåla og ein av deltakarane tok oppgåva med å stilla spørsmål om våre eigne problemrepresentasjonar, glapp WPR-tilnærminga for oss utover i prosessen. Med eit litt meir eksplisitt fokus på nøkkel-spørsmåla i WPR-tilnærminga kunne gruppa jobba meir systematisk med å kopla saman empiri, teori og kritisk (sjølv)refleksjon.

Eggebo (2020b) har tidlegare argumentert for at kollektiv kvalitativ analyse er ein effektiv måte å jobba på. Vår erfaring har vore at kollektive prosessar, fellesskap og omsorg for kvarandre – som er essensen i «sakteforskning» – har vore ein effektiv måte å jobba på. Det kan sjå ut som eit paradoks dersom «sakteforskning» driv skrivinga raskare framover. På den andre sida er det ikkje så paradoksalt at angst, arbeidspress, høgt stressnivå, konkurranse og prestasjonskrav verken er særleg berekraftig eller effektivt. Me trur ikkje det nyttar å venta på at instituttleiarane og ministrane raust skal dela ut tid, rom og fellesskap. Men me har tru på at det er mogleg og nyttig å jobba fram meir konkrete, kritiske og kollektivt orienterte praksisar. Tidlegare forskning har vist at gruppeprosessar kan by på fleire analytiske fordelar, og at ein kan få til dette med hjelp av ulike data, teoretiske tilnærmingar og framgangsmåtar. Poenget er å skapa trygge rom for kritisk tenking og kreativitet. Kollektiv kvalitativ analyse kombinert med kva er «problem»?-tilnærminga har vore nyttige verktøy for å byggja eit slikt rom.

Om artikkelen

Arbeidet med denne artikkelen er finansiert av Noregs forskingsråd (313851). Takk til Åsne Øygard Danielsen for arbeidet med å koda datamaterialet. Takk til Danielsen, Vilde Hernes og Tone Maia Liodden for deltaking på workshopen, og takk til Danielsen, Liodden og Mariann Stærkebye Leirvik for kommentarar på tidlegare utkast. Takk også til Christian Lo, som etterspurde ein artikkel om kollektiv politikkanalyse og dermed inspirerte oss til å gå laus på arbeidet med teksten.

Noter

- 1 Me har vald å kalla WPR for kva er «problem»?-tilnærminga på norsk. Tidlegare kalla Bacchi det for What's the Problem? approach (Bacchi 1999), men i seinare tid har ho nytta What's the Problem Represented to be? approach for å tydeleggjere at det er framstillingane av «problem» ein undersøker. Ettersom ordet representasjon har ei anna tyding på norsk, har me etter råd frå Bacchi (personleg korrespondanse) vald å bruka 1999-versjonen av namnet på denne tilnærminga, men med ordet «problem» med hermeteikn.
- 2 Sjå <https://uni.oslomet.no/remimo/> for meir informasjon om REMIMO – Regulating Migration and Membership through Monetary Requirements.
- 3 Datamaterialet er koda ut frå tekstsøk i programmet NVivo. Deretter har me skrive ut rapportar frå dei aktuelle kodane for kvart dokument.
- 4 Eggebo (2020b) har kalla skriving av samandrag for «førebuing» i staden for å skildra det som eit eige trinn, men Elisabeth Stubberud har kalla det trinn 1 når ho har undervist i metode.
- 5 For ein analyse av dette forslaget, sjå Eggebo og Staver (2021, 140–142).
- 6 Dette trinnet i kollektiv kvalitativ analyse har vore kalla temakartlegging (Eggebo 2020b), men me har erfart at det kan vera litt uklårt kva som er skilnaden på temakartlegging og temagrupping, og derfor nyttar me omgrepet «idemyltring» om dette steget.

Korpus: Innvandringspolitiske dokument

NOU 1983:47 Ny Fremmedlov

Ot.prp. nr. 46 (1986–1987). Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)

Innst. O. nr. 92 (1987–1988). Innstilling fra justiskomiteen om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)

NOU 2004: 20. Ny utlendingslov 2004

Høringsnotat NOU 2004: 20. Ny utlendingslov

Ot.prp. nr. 75 (2006–2007). Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)

- Innst. O. nr. 42 (2007–2008). Om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)
- Høringsbrev om regler i ny utlendingsforskrift og endringer i gjeldende utlendingsforskrift – Krav til sikret underhold og innføring av ny intervjuordning for å motvirke tvangsekteskap og 12 hørings svar
- Høringsnotat: Endringer i utlendingsloven mv. (innstramninger II) og 98 hørings svar
- Høringsnotat: Endringer i utlendingsloven og utlendingsforskriften – hevet botidskrav for permanent oppholdstillatelse mv. – endringer i statsborgerloven og 38 hørings svar
- Prop. 90 L (2015–2016). Endringer i utlendingsloven mv. (innstramninger II)
- Innst. 391 L (2015–2016). Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i utlendingsloven mv. (innstramninger II)
- Høringsnotat: Forslag til endringer i utlendingsloven og utlendingsforskriften – permanent oppholdstillatelse og 7 hørings svar
- Høringsnotat: Forslag til endring i utlendingsforskriften – tidspunktet retten til permanent oppholdstillatelse inntre, og 9 hørings svar
- Høringsnotat: Forslag til endringer i trygderegelverket i lys av asylsøkersituasjonen og 43 hørings svar
- Prop. 10 L (2019–2020). Endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover
- Høringsnotat: Forslag til endringer i statsborgerloven og statsborgerforskriften (endring i kravene til oppholdstid mm.) og 18 hørings svar
- Prop. 130 L (2020–2021). Endringer i statsborgerloven og integreringsloven (endring i kravene til oppholdstid mv.)
- Høringsnotat: Forslag til endringer i utlendingsloven og utlendingsforskriften – innstramninger i utvisningsregelverket mv. og 16 hørings svar

Vedlegg: supplerende materiale

Litteratur

- Asylforliket. 2015. «Tiltak for å møte flyktningkrisen.» Lest 14. februar 2024. https://www.regjeringen.no/contentassets/7d82bd6cce8b466dacbb01d360846f79/asylavtale_stortinget_2015-11-19.pdf
- Bacchi, Carol L. 2020. «Problem-Solving as a Governing Knowledge: 'Skills'-Testing in PISA and PIAAC.» *Open Journal of Political Science*, 10: 82–105. <https://doi.org/10.4236/ojps.2020.101007>
- Bacchi, Carol L. og Susan Goodwin. 2016. *Poststructural Policy Analysis: A Guide to Practice*. New York: Palgrave Macmillan US.
- Bacchi, Carol L. 1999. *Women, policy and politics: the construction of policy problems*. London: Sage.
- Bacchi, Carol L. 2021. «Introducing WPR: A work in progress. » Paper presentert på Kick-off for International symposium on critical policy studies – exploring the premises and politics of Carol Bacchi's WPR approach, Online, 13. Oktober. Oppdatert: 19. September 2023. <https://www.kau.se/statsvetenskap/forskningsprosjekt/international-symposium-critical-policy-studies-exploring-premises>
- Bacchi, Carol L. 2022. «The WPR approach: Key premises and new developments. » Paper presentert på WPR symposium on critical policy studies – exploring the premises and politics of Carol Bacchi's WPR approach Karlstad, Sverige, 16–18 august.
- Bacchi, Carol L. 2023. «Oops, I said 'themes': WPR and RTA (Reflexive Thematic Analysis).» Oppdatert: 28. Desember 2023. <https://carolbacchi.com/blog/>
- Bacchi, Carol L. and S. Goodwin, 2016. *Poststructural Policy Analysis: A Guide to Practice*. New York, New York: Palgrave Macmillan US.
- Bilda, Z., B. Costello og S. Amitani. 2006. «Collaborative analysis framework for evaluating interactive art experience.» *CoDesign* 2 (4): 225–238. <https://doi.org/10.1080/15710880601008026>
- Busengdal, Elisabeth, Roar Amdam og Anne Britt Djuve. 2020. «Ein nasjonal integreringspolitikk som er utfordrande å iverksetje?» *Tidsskrift for velferdsforskning* 23 (4): 268–280. <https://doi.org/10.18261/issn.0809-2052-2020-04-04>

- Cornish, Flora, Alex Gillespie og Tania Zittoun. 2014. «Collaborative Analysis of Qualitative Data.» I *The SAGE Handbook of Qualitative Data Analysis*, redigert av Uwe Flick, 79–93. London: SAGE Publications Ltd.
- Eggebo, Helga. 2010. «The Problem of Dependency: Immigration, Gender, and the Welfare State.» *Social Politics: International Studies in Gender, State & Society* 17 (3): 29–322. <https://doi.org/10.1093/sp/jxq013>
- Eggebo, Helga. 2020a. «Collective qualitative analysis. (V. Szepessy, Trans.)» *Norsk sosiologisk tidsskrift* 4 (2): 106–122. <https://hdl.handle.net/11250/2724396>
- Eggebo, Helga. 2020b. «Kollektiv kvalitativ analyse.» *Norsk sosiologisk tidsskrift* 4 (2): 106–122. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-2512-2020-02-03>
- Eggebo, Helga, Aase Kristine Lundberg og Mari Teigen. 2022. «Gaps and Silences: Gender and Climate Policies in the Global North.» *Social Politics: International Studies in Gender, State & Society* Artikkel jxac032. <https://doi.org/10.1093/sp/jxac032>
- Eggebo, Helga og Anne Balke Staver. 2021. «Follow the Money: Income Requirements in Norwegian Immigration Regulations.» I *Money Matters in Migration: Policy, Participation, and Citizenship*, redigert av Annette Schrauwen, Tesseltje de Lange og Willem Maas, 130–146. Cambridge: Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/9781009042505.008>
- Hall, Wendy A., Bonita Long, Nicole Bermbach, Sharalyn Jordan og Kathryn Patterson. 2005. «Qualitative Teamwork Issues and Strategies: Coordination Through Mutual Adjustment.» *Qualitative Health Research* 15 (3): 394–410. <https://journals.sagepub.com/doi/10.1177/1049732304272015>
- Hartman, Yvonne og Sandy Darab. 2012. «A Call for Slow Scholarship: A Case Study on the Intensification of Academic Life and Its Implications for Pedagogy.» *Review of Education, Pedagogy, and Cultural Studies* 34 (1–2): 49–60. <https://doi.org/10.1080/10714413.2012.643740>
- Helakorpi, Jenni, Sirpa Lappalainen og Reetta Mietola. 2020. «Equality in the Making? Roma and Traveller Minority Policies and Basic Education in Three Nordic Countries.» *Scandinavian Journal of Educational Research* 64 (1): 52–69. <https://doi.org/10.1080/00313831.2018.1485735>
- Horton, John. 2020. «Failure failure failure failure failure failure: Six types of failure within the neoliberal academy.» *Emotion, Space and Society* 35: Artikkel 100672. <https://doi.org/10.1016/j.emospa.2020.100672>
- James, Allison. 2012. «Seeking the analytic imagination: reflections on the process of interpreting qualitative data.» *Qualitative Research* 13 (5): 562–577. <https://doi.org/10.1177/1468794112446108>
- Johnston, Chris. 1998. *House of games: making theatre from everyday life*. New York: Routledge.
- Knoblock, Ida og Elisabeth Stubberud. 2021. «Bortom gränserna. Ett brevssamtal om språk, tillhörighet och dekolonisering.» *Tidsskrift for genusforskning* 42 (4): 6–29. <https://doi.org/10.55870/tgv.v42i4.6049>
- Kuokkanen, Rauna. 2008. «What is Hospitality in the Academy? Epistemic Ignorance and the (Im)Possible Gift.» *Review of Education, Pedagogy, and Cultural Studies* 30 (1): 60–82. <https://doi.org/10.1080/10714410701821297>
- Llort, Sonia Muñoz, Maria Puenchir, Inga Márjá Utsi og Sara Elisabeth Sellevold Orning. 2021. «Interseksjonelle framtidfortellinger: Hvem får drømme om fremtiden?» *Tidsskrift for kjønnsforskning* 45 (2–3): 73–88. <https://doi.org/10.18261/issn.1891-1781-2021-02-03-02>
- Lordly, Daphne, Debbie Maclellan, Jacqui Gingras og Jennifer Brady. 2012. «A team-based approach to qualitative inquiry: the collaborative retreat.» *Canadian Journal of Dietetic Practice and Research* 73 (2): 91–7. <https://dcjournal.ca/doi/10.3148/73.2.2012.91>
- Mills, C. Wright. 1967. *The sociological imagination*. London: Oxford University Press.
- Mountz, Alison. 2016. «Women on the edge: Workplace stress at universities in North America.» *Canadian Geographies / Géographies canadiennes* 60 (2): 205–218. <https://doi.org/10.1111/cag.12277>
- Mountz, Alison, Anne Bonds, Becky Mansfield, Jenna M. Loyd, Jennifer Hyndman, Margaret Walton-Roberts, Ranu Basu mfl. 2015. «For Slow Scholarship: A Feminist Politics of Resistance through Collective Action in the Neoliberal University.» *ACME: An International Journal for Critical Geographies*, 14(4): 1235–1259.
- Noregs forskingsråd. 2023. «Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor.» Oppdatert: 22. august 2023. <https://www.forskningsradet.no/sok-om-finansiering/hvem-kan-soke-om-finansiering/offentlig-sektor/innovasjonsprosjekter-i-offentlig-sektor/>

- Pardee, Jessica W., Alice Fothergill, Lynn Weber og Lori Peek. 2017. «The collective method: collaborative social science research and scholarly accountability.» *Qualitative Research* 18 (6): 671–688. <https://journals.sagepub.com/doi/full/10.1177/1468794117743461>
- Phoenix, Ann, Julia Brannen, Heather Elliott, Janet Smithson, Paulette Morris, Cordet Smart, Anne Barlow og Elaine Bauer. 2016. «Group Analysis in Practice: Narrative Approaches.» *Forum Qualitative Sozialforschung / Forum: Qualitative Social Research* 17 (2). <https://doi.org/10.17169/fqs-17.2.2391>
- Potter, Gillian. 1998. «Collaborative Critical Reflection and Interpretation in Qualitative Research». Paper presentert på National Conference of the Australian Association for Research in Education, Adelaide, South Australia, 28. november–3. desember.
- Pratt, Geraldine. 2010. «Collaboration as feminist strategy.» *Gender, Place & Culture* 17 (1): 43–48. <https://doi.org/10.1080/09663690903522214>
- Richards, K., R. Andrew og Michael A. Hemphill. 2018. «A Practical Guide to Collaborative Qualitative Data Analysis.» *Journal of Teaching in Physical Education* 37 (2): 225–231. <https://doi.org/10.1123/jtpe.2017-0084>
- Schaefer, Ina, Gesine Bär og The Contributors of the Research Project ElFE. 2019. «The Analysis of Qualitative Data With Peer Researchers: An Example From a Participatory Health Research Project.» *Forum Qualitative Sozialforschung / Forum: Qualitative Social Research* 20 (3). <https://doi.org/10.17169/fqs-20.3.3350>
- Silverman, David. 2014. *Interpreting qualitative data*. Los Angeles, California: SAGE Publications Ltd.
- Skilbrei, May-Len. 2019. *Kvalitative metoder: planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Staver, Anne Balke og Helga Eggebø. 2023. «Everything but the Marriage Certificate: Unmarried Partners in Norwegian Immigration Regulation.» *Social Politics: International Studies in Gender, State & Society* 30(4): 1018–1039. <https://doi.org/10.1093/sp/jxad005>
- Stein, Barbara og Gunn Elin Fedreheim. 2022. «Problematization of integration in Norwegian policymaking – integration through employment or volunteerism?» *Ethnic and Racial Studies* 45 (16): 614–636. <https://doi.org/10.1080/01419870.2022.2118544>
- Stoor, Jon Petter A., Heidi A. Eriksen og Anne C. Silviken. 2021. «Mapping suicide prevention initiatives targeting Indigenous Sámi in Nordic countries.» *BMC Public Health* 21 (1): Artikkel 2035. <https://doi.org/10.1186/s12889-021-12111-x>
- Tjora, Aksel Hagen. 2017. *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Volckmar-Eeg, Maria Gussgard og Anders Vassenden. 2022. «Et flipperspill i velferdsstaten: Innlåsing av innvandrere med 'språkutfordringer' i NAV.» *Tidsskrift for samfunnsforskning* 63 (4): 260–277. <https://doi.org/10.18261/tfs.63.4.2>
- Wendt, Kaja, Hebe Gunnes, Mona Nedberg Østby og Lone Wanderås Fossum. 2021. *Når timene telles. Tidsbruksundersøkelsen 2021*. NIFU. <https://hdl.handle.net/11250/2831574>
- Zhao, Pengfei, Dajanae Palmer, Samantha Silberstein, Alycia Elfreich, Suparna Bose, Sylvia Washington, Pooja Saxena, Lucinda Carspecken og Barbara Dennis. 2022. «You Are My Way to the Universe: Critical Collective Research Through Feminist Community Building.» *Forum Qualitative Sozialforschung / Forum: Qualitative Social Research* 23 (3). <https://doi.org/10.17169/fqs-23.3.3892>